



MØTEPROTOKOLL

Utval: Plan- og miljøutvalet
Møtestad: Rådhuset, Kantina
Dato: 27.08.2008
Tidspunkt: 12:30 – 18:00
Frå sak nr: 135/08 – 164/08

Følgjande medlemmer møtte:

Namn		Reprenterer
Øystein Reidar Moldeklev		FRP
Linda Opdal		FRP
Berit Dale Øgaard		KRF
Ståle Juvik Hauge		AP
Gunnar Reidar Stusdal	- til sak 151/08	SP
Astrid Namtvedt Sylta		AP
Tore Svendsen		SV
Håkon Reigstad	- fom sak 151/08	SP

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Reprenterer
Unni Andersen Sæbø	H
Kjetil Melvær	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Repr.	Møtte for
Dag Martin Hope	H	Kjetil Melvær
Håvard Dale	FRP	Unni Andersen Sæbø

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Tor Hegle	avd.leiar
Frøydis Ones	fagsjef arealplan
Aslaug Aalen	arealplanleggjar
Julie Daling	arealplanleggjar
Knut Bjørnevoll	sakshandsamar
Benjamin Stephen Hugo Hicks	rådgevar byggesak
Arne Eikefet	einingsleiar teknisk drift
Lars Johan Haukås	rådgevar
Nils Kaalaas	fagsjef landbruk
Tove Mette Fyllingen	sekretær

Diverse merknader:

Sakane vart handsama i denne rekkefylgje: 136, 138, 160, 162, 164, 139, 140, 141, 142, 143, 149, 151, 144, 145, 146, 147, 148, 150, 152, 153, 135

Øystein Reidar Moldeklev
leiar

Håvard Dale

Astrid Namtvedt Sylta

Saksnr	Innhald
PS 135/08	Godkjenning av møteprotokoller frå 11.06.2008 og 16.06.2008
PS 136/08	Underskrift av dagens møteprotokoll
PS 137/08	Delegerte saker
PS 138/08	Referat saker
PS 139/08	Klage på avslag av søknad om carport med forstøtningsmur, Gbnr. 137/565 Alver
PS 140/08	Klagesak: Avslag på søknad om tilbygg og påbygg - Atle Lid - gbnr 108/477 – Lindås
PS 141/08	Klage på avslag - gbnr 108/10 - Apalbakken - bruksendring frå garasje til rorbu/fritidsbustad.
PS 142/08	Klage på vedtak Delingssak gbnr 233/1 Eide Indre - frådeling gamalt våningshus
PS 143/08	Klage på avslag av søknad om byggeløyve, Gbnr. 191/40 og 41 Nepstad
PS 144/08	Klage på avslag - gbnr 226/7 - Padøy - utlegging av flytebyggje.
PS 145/08	Klage på avslag - gbnr 58/3 - Lygra - molo.
PS 146/08	Handsaming av klagesak etter høyringsrunde: Avslag på søknad om dispensasjon for bygging av naust - Jørn Fanebust - gbnr 106/5 Fanebust
PS 147/08	Klage på vedtak om avvisning av dekning av saksomkostninger. Næringsbygg. Gnr 137/661 Ikenberget.
PS 148/08	Klage på avslag på søknad om dispensasjon- gnr 221/ - lagerhall for asfalttilslag
PS 149/08	Saksframlegg til reguleringsplan for Hellesneset bustadområde, gnr.202/bnr.26 mfl, Hjelmås. 2.gongs handsaming

- PS 150/08 Framlegg til reguleringsplan for Stemmemyra bustad og barnehage område, gnr. 214, bnr. 1 - 8 og 17 felles, Fyllingsnes
- PS 151/08 Reguleringsplan for Vindkallen gnr.134 bnr.6 pg 7 mfl. (nordre Hilland) Politisk avklaring av nye plandokument
- PS 152/08 Mindre vesentleg endring av reguleringsplan for Rissundet - Kenneth Loftaas - gbnr 123/84 m fl – Risa
- PS 153/08 Mindre vesentleg endring av reguleringsplan for Knarvik Aust og felt E (Såtafeltet). Flytting av vegkryss m.m. mot Ev. 39
- PS 154/08 Dispensasjonssak - bygging av bustad med to husvære - 113/20.
- PS 155/08 Dispensasjonssak - endring av føremål av tomt frå næringsverksemd til bustadformål - gbnr 42/18
- PS 156/08 Delingssak - gbnr 247/1 og 2 Dyrkolbotn - areal til utviding av Dyrkolbotn Leirskule/Fjellstove.
- PS 157/08 3 årig merkeprosjekt for Hjort Hordaland og Sogn 2008 - 2011
- PS 158/08 Tiltak mot ulovleg byggearbeid i Lindås kommune
- PS 159/08 Merknad til den kommunale planprosessen frå grunneigarar i Alversund
- PS 160/08 Juvikstølen barnehage, trafikksikring av tilkomst.**
- PS 161/08 Knarvik barnehage - framlegg til avtale om bygging av ny barnehage.
- PS 162/08 Testanlegg for fangst av CO2 på Mongstad
Uttale til konsekvensutgreiing
- PS 163/08 Meldingar/orienteringar
- PS 164/08 Utbyggingsplan for Reikeråsbygget, gnr 188 bnr 69 og 114 i Knarvik
Søknad om dispensasjon frå planavgrensing og byggjegranser

PS 135/08 Godkjenning av møteprotokoller frå 11.06.2008 og 16.06.2008

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Protokollane frå 11.06.2008 og 16.06.2008 er godkjent.

Samrøystes.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Protokollane frå 11.06.2008 og 16.06.2008 er godkjent.

PS 136/08 Underskrift av dagens møteprotokoll

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Framlegg om Håvard Dale og Astrid Namtvedt Sylta i tillegg til leiar.

Samrøystes.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Håvard Dale og Astrid Namtvedt Sylta er vald i tillegg til leiar.

Området er ikkje regulert. Eigar (festar) må difor vera merksam på at det seinare kan vera aktuelt med justering av grenser, vegføring m.m.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Saka vert utsett til møte 17.september 2008

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Saka vert utsett til møte 17.september 2008

PS 157/08 3 årig merkeprosjekt for Hjort Hordaland og Sogn 2008 - 2011

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i saksutgreiing og vurderinga i saka vil Lindås kommune vera med i merkeprosjektet for hjort i Sogn og Hordaland. Kostnaden med deltaking i prosjektet vil verta dekkja over viltfondet, med årleg 190 kroner/felte dyr, der kostnaden vil vera på ca. 75 000 kroner årleg i fem år med ein total sum på ca 375.000 kroner.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Saka vert utsett til møte 17.september 2008

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Saka vert utsett til møte 17.september 2008

PS 158/08 Tiltak mot ulovleg byggearbeid i Lindås kommune

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

1. Plan- og miljøutvalet aksepterer ikkje ulovleg bygging i Lindås kommune, og står saman om å hindre dette.
2. Plan- og miljøutvalet vil prioritere- og støtte opp om oppfølging av ulovlege byggetiltak i kommunen.
3. Med tilvising til utgreiing om ulovleg byggearbeid, vil plan - og miljøutvalet rå til at det vert lagt til rette for prosjektet ved handsaming av gebyrregulativet og i samband med handsaming av budsjettet.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Saka vert utsett til møte 17.september 2008

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Saka vert utsett til møte 17.september 2008

PS 159/08 Merknad til den kommunale planprosessen frå grunneigarar i Alversund

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet utset saka om å ta stilling til oppstart av privat reguleringsplan sør for skulen i Alversund til områdeanalysen er lagt fram i september.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Saka vert utsett til møte 17.september 2008

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Saka vert utsett til møte 17.september 2008

PS 160/08 Juvikstølen barnehage, trafikksikring av tilkomst.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

For å betre trafikktryggleiken i området ved Knarvik ungdomsskule og Juvikstølen barnehage skal :

- Parkeringsplassen og gangvegen ovanfor ungdomsskulen ferdigstillast. Kostnadene med parkeringsplassen dekkast innanfor investeringsbudsjettet for utbygginga av ungdomsskulen. Gangvegen etablerast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Gangveg/fortau etablerast dobbeltsidig mellom ungdomsskulen og Gymnaskrysset. Kostnaden dekkast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Fartshumpar etablerast i området ved ungdomsskulen og dekkast av driftsmidlar på Veg.
- Skilting av 30-sona oppgraderast mot og i Juvikstølen/Orresteinen.
- Etablering av fartshumpar vurderast i Orresteinen og eventuelle kostnader dekkast i eit samarbeid mellom kommunen, Tomteselskapet og fastbuande.

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2008

Framlegg frå L.Brunborg – Ap:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg

Kulepkt 3, tillegg:

Det skal og koma ei fartsdump til mellom gymnaskrysset og første veg opp til gymnaset.

Kulepkt 6,

Administrasjonen må, saman med buss-selskapet, sjå på kjøyremønsteret til skulebussane. Skulebussar bør ikkje kjøyra inn i aktuelle området.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Uttale i Levekårsutvalet - 26.08.2008

For å betre trafikktryggleiken i området ved Knarvik ungdomsskule og Juvikstølen barnehage skal :

- Parkeringsplassen og gangvegen ovanfor ungdomsskulen ferdigstillast. Kostnadene med parkeringsplassen dekkast innanfor investeringsbudsjettet for utbygginga av ungdomsskulen. Gangvegen etablerast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Gangveg/fortau etablerast dobbeltsidig mellom ungdomsskulen og Gymnaskrysset. Kostnaden dekkast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Fartshumpar etablerast i området ved ungdomsskulen og dekkast av driftsmidlar på Veg. Det skal og koma ei fartsdump til mellom gymnaskrysset og første veg opp til gymnaset.
- Skilting av 30-sona oppgraderast mot og i Juvikstølen/Orresteinen.
- Etablering av fartshumpar vurderast i Orresteinen og eventuelle kostnader dekkast i eit samarbeid mellom kommunen, Tomteselskapet og fastbuande.
- Administrasjonen må, saman med buss-selskapet, sjå på kjøyremønsteret til skulebussane. Skulebussar bør ikkje kjøyra inn i aktuelle området.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Uttale i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.